



NVIM

Årsmelding 2012



Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

www.nvim.no

1. Styret si årsmelding

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftatar av Norsk Vasskraft- og Industriadmuseum:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjons forbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

Direktør

Randi Bårvædt

Styret

Toralf Mikkelsen, styreleiar (*Odda kommune*)

Administrasjonsleiar

Mette Haraldsen

Einar Steensnæs, nestleiar (*styreoppnemnd*)

Avdelingsleiarar

Siri Jordal

Olav Melboe (*Norsk Industri*)

Terje Kollbotn

Rolf Nesheim (*Hordaland Fylkeskommune*)

Revisor

Odda Revisjon AS v/statsaut. revisor

Hans Henrik Haukaas (*Statkraft*)

Nils Magnus Berge

Trond Seim (*LO i Indre Hardanger*)

Halvor Johan Bådsvik (*MuseumsLAGET*)

Siri Jordal (*tilsette sin representant*)

Observatør

Gunnstein Brakestad (*NVE*)

Styret hadde 5 styremøter i 2012 og handsama i alt 66 saker. Kvinneandelen i styret er 12,5 %.

2. Organisasjon og ressursar

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristademuseum (NVIM), ei sjølvstendig stifting med eigne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal og forvaltar 30 bygg, av desse eig museet fem.

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf som vart vedteke av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forsking og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefondgata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har også som mål å bevara, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

NVIM sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, sponsorinntekter og eigeninntekter.

Personale og arbeidsmiljø

NVIM utførte i 2012 16,6 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. I faste stillingar vart det i 2012 utført 13,77 årsverk ved NVIM. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførde i 2,83 årsverk og vart gjennomført av i alt 15 personar.

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna; organisatorisk, når det gjeld løn og sosialt. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 44 % menn og 56 % kvinner.

NVIM hadde eit sjukefråver i 2012 på 1,8 % mot 4,55 % i 2011. Langtids sjukefråveret var på 0,8 % mot 3,75 % i 2011. Fråveret i 2011 skuldast lange sjukemeldingar for to tilsette. Korttidssjukefråveret var 1,0 %. Ein auke på 0,2 % frå 2011. Vi hadde ingen arbeidsulukker. NVIM er medlem av Odda bedriftshelseteneste.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

Økonomi

Årsrekneskapen for 2012 viser eit underskot på kr. 1 199 664. Underskotet er dekka ved overføring av 701 437 frå vedlikehaldsfond og med kr. 504 745 er dekka av annan eigenkapital. Til saman gir stiftingskapitalen og annan eigenkapital stiftinga samla eigenkapital på berre kroner 455 452 pr. 31.12.2012.

Årsakar til underskotet er: betaling for varmt vatn til fjernvarme frå Tizir AS frå 2012 og meirkostnadar ved flytting av gjenstandar frå lager vi leigde i Tyssedal til NVIM sin eigedom, Bygg 26, på smelteverket. Lokala er ombygd til føremålet. For 2013: Investeringa i bygg 26 til gjenstandslager

er ein eingongs investering og vi sparar over 100 000 i leigekostnadene. Kostnadane til varmt vatn er innarbeidd i budsjett 2013.

Etter styret si mening gir den framlagde rekneskapen og balansen eit korrekt bilet av stoda til stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum ved årsskiftet 2012/2013. Rekneskapen gir god informasjon om drifta av museet. Styret merkar seg utfordringa ved at eigenkapitalen er sterkt redusert i 2012.

Det føreligg føresetnad om framleis drift, og styret si årsmelding og årsrekneskapen for 2012 er sett opp under denne føresetnad.

3. Industriell kulturarv – museet som samfunnsaktør

NVEs museumsordning

Arbeidet med nettsidene www.vasskrafta.no har i 2012 vore eit hovudsatsingsområde i samarbeidet med NVE. Det er no lagt ut 3 nye kraftverk: Kuråsfossen, Nore I og Sauda III. I alt er no 13 kraftverk representert på nettstaden.

Det er arbeidd med å knyte denne nettstaden tettare mot undervisning i skuleverket. NVIM nytta konsulent Asle Moldestad (tidlegare «Vil vite») til å vurdera korleis sidene betre kan tilpassast skulane sine behov.

I september gjekk den årlege fagturen til museumsordninga til Trondheim der vi blei betre kjent med aktuelle tema knytt til NVE i området og la grunnlaget for eit framtidig utstillingsprosjekt.

Regionenestene si historie: Regionkontoret til NVE region vest i Førde feira 100 årsjubileum i 2012. Forskar, dr. oecon. Elisabeth Bjørsvik, NVIM, fekk i oppdrag å skriva boka og innhenta materiale. NVE hadde oppretta ei eiga boknemnd og eit stort arbeid vart lagt ned med eit godt resultat. Boka vart lansert på jubileumsmarkering i Førde 24. oktober som eit høgdepunkt og vart tatt svært vel imot. Forskar Elisabeth Bjørsvik, direktør Randi Bårtvedt og styreleiar Toralv Mikkelsen representerte museet på markeringa.

Internasjonalt arbeid

NVIM er sekretariat for fagseksjonen "Vasskraft og kraftkrevjande industri" i TICCIH (The International Committee for the Conservation of Industrial Heritage). TICCIH har samarbeidsavtale med ICOMOS (International Council of Museum and Sites) når industriarv skal vurderast for innskriving på UNESCO si verdsarvliste. Sekretariatet er styrka ved at NVIM også i 2012 har delt leiarship med Historic Scotland v/David Fleetwood som sekretær,

NVIM er partner med Historic Scotland i prosjektet «Digitising Industry», sjå www.historic-scotland.gov.uk.digitisingheritage. Dag Endre Opdal, Elisabeth Bjørsvik og Randi Bårtvedt, NVIM, var på arbeidsmøte i Edinburgh den 12.-15. mars 2012. Her deltok og Erling Nystad frå Statkraft. Han har leia arbeidet med Statkraft sin verneplan for kraftverk. Delegasjonen møtte energi- og turismeministeren i Skottland om partnarskapsprosjektet. På Norsk Industri sin 7-fjellskonferansen om grøn energi, Bergen i mai 2012, vart prosjektet lansert av førsteminister i Skottland, Mr. Alex Salmond. Det var brei pressedekking. Mellom anna vart Randi Bårtvedt intervjuet av skotsk fjernsyn saman med førsteministeren

Statkraft, NVE si museumsordning og NVIM deltok i oktober for 2. gong på vasskraftprodusentane sin årlege verdkongress, Hydro 2012 i Bilbao, med eigen sesjon om vasskraftanlegg, elektrisiteten si historie og verdsarv. Det var foredrag ved NVIM, NVE og Historic Scotland samt foredragshaldarar frå fleire land og verdsdelar.

European Route of Industrial Heritage (www.erih.net)

Randi Bårtvedt er medlem i hovudstyret til ERIH fram til generalforsamlinga 2013 som er lagd til Noreg og Tyssedal/Odda i september og samlar rundt 100 utsendingar frå heile Europa. Randi Bårtvedt deltok i 2012 på to styremøte i ERIH kombinert med synfaringar om industriarv som byutviklar og ny næring. Det var i Torino, Italia, i mars og i Amsterdam i september på generalforsamlinga.. Bårtvedt var observatør frå ERIH-styret i juni 2012 til reiselivs- og kulturfestivalen «Industriada» i Silesia, Polen.

NVIM har tatt initiativ til å laga ei reiserute gjennom Vestlands fjordane med deltaking frå bedrifter, museum og lokalsamfunn. Ruta går frå Bremanger, gjennom Sogn og fjordane og Hordaland og via ankerpunkt Tyssedal til Sauda i Ryfylke. Reiseruta skal opnast i samband med ERIH generalforsamling i Tyssedal. Dette er eit nasjonalt pilotprosjekt med overføringsverdi til andre norske ankerpunkt og regionar. Pilotprosjektet omfattar samarbeid med kommunar, fylkeskommunar, bedrifter, museum og reiseliv. Prosjektleiar er Roy Sævik frå Stongfjorden Vekst AS. Anne Gravdal og Randi Bårtvedt frå NVIM deltar i prosjektleiing. Prosjektleiinga besøkte i 2012 alle 8 stader som er med i nettverket og har halde ei rekke møte med dei to fylkeskommunane, reiselivet og Innovasjon Norge. Det er søkt og motteke midlar. ERIH prosjektet «Reiseliv i industriens vogge» vart i 2012 meldt inn som søker til nye rundar med «Kulturminne og verdiskaping» frå Riksantikvaren og Miljøverndepartementet.

Fredingsak Odda Smelteverk

Fredingsforslaget omfatta ikkje kalkomnar og kokstørke i reguleringsplanen for smelteverket sør. Desse industriminna var regulert til spesialområde vern. Eigar SNU (Smelteverket Næringsutvikling AS) sökte om sanering av desse installasjonane og andre bygg i 2011. Dette vart godkjend av Odda kommune, men påkla ga Hordaland fylkeskommune. Fylkesmannen i Hordaland stadfesta at dispensasjon frå gjeldande reguleringsplan til riving av mellom anna kalkomnane. NVIM fekk i 2012 tilskot frå Riksantikvaren til dokumentasjon av rivinga av kalkomnar og kokstørke. NVIM gjorde dette til eit større dokumentasjonsprosjekt der vi filma, fotograferte samt intervjuva på staden tidlegare tilsette ved Odda smelteverk som arbeidde i karbid- og kalkomnsområdet. Slik dokumentasjon er i tråd med NVIM sine oppgåver i nasjonalt fagnettverk, samtidsnettverket. Arkitekt Gro Lavold var prosjektleiar og Walter Jaggi, tidlegare Odda smelteverk AS, vart innleidd som intervjuar.

Arbeidet med verdsarvsøknaden for Odda vart ført vidare av tilsett verdsarvkoordinator i Odda kommune som slutta i 2012. NVIM har vore pådrivar i saka for å oppnå verdsarvstatus for serienominasjonen Tyssedal-Odda-Rjukan-Notodden. I november/desember 2012 melde Riksantikvaren at Odda og Tyssedal førebels var tatt ut av søkeren og at ein gjekk vidare med Notodden-Rjukan som søker. Odda og Tyssedal skulle takast opp igjen som søker etter 2015.

4. Besøk og undervisning

NVIM har dei siste to åra hatt ein besøksauke på nær 36 %. Frå 2010 har besøket ved museet gått opp frå 11 127 til 15 096. Frå 2011 til 2012 var auken på 12 % frå 13 481 til 15 096. Auken i 2012 skuldast i stor grad ein eksplosjon i besøkjande på Odda vitensenter på **214 %** (frå 1445 til 4542). Dette er ein auke vi forventar vil fortsetje i 2013.

Nye attraksjonar i 2012 var Vitenparken i Odda sentrum og ei flott vandringsløype i kraftstasjonen og området rundt.

Pedagogiske tiltak

Sjølv om NVIM hadde vakant stilling på formidlar til skulane fram til august, klarte vi å gjennomføre dei fleste undervisningsopplegga våre. Vi hadde tenkt å leggje store deler av undervisninga vår på is til stillinga var besett, men opplevde stor skuffelse frå skulane. Dette var ei utfordring vi måtte ta, og det var kjekt å sjå at opplegga våre er godt etablerte og etterspurde frå skular i distriktet.

Etter at formidlar vart tilsett, arbeider ein no med vidareutvikling av vasskrafta.no for å flette nettsidene inn i NVIM sitt faste besøks- og undervisningsopplegg. Tilsvarande skal undervisningsopplegga «Tysso III-kraft i kvar dråpe» og «Røyrgatelangs – på jakt etter vatnet» utviklast vidare.

Følgjande pedagogiske tiltak vart gjennomført i 2012: Odda vidaregåande skule hadde eit undervisningsopplegg knytt til arkiv og dokumentasjon og 27 elevar fekk i tillegg til biletspel og omvising ei innføring i korleis museet arbeider på dette feltet.

Det var og stor interesse for «OddaSmio» på Smelteverket. Fleire grupper, mellom dei internasjonale elevar som vitja Odda vidaregåande skule og Tyssedal Barneskole, kom på omvising på museet.

I april var det kunstvandring på Tyssedal Hotell for alle 3. klassane i Odda og i mai gjennomførte NVIM undervisningsopplegget Kraft i kvar dråpe for 7. klasser frå Kvinnherad. Undervisningsopplegget «Røyrgatelangs - På jakt etter vatnet» vart nytta av 9. klassar frå Kvinnherad i slutten av mai og elevar frå Odda i byrjinga av juni.

I slutten av mai hadde Odda vidaregåande skule ein geografi-ekskursjon med rundt 50 elevar i Statkraftstova før dei reiste vidare til Skjeggedal. Også Lundeneset vidaregåande skule hadde ein geografi- og samfunnsekskursjon til museet.

Universitetet i Oslo kom med sin internasjonal sommarskule. UiB hadde sin årlege ekskursjon med utanlandske studentar til museet. Laksevåg vidaregåande skule kom med ein klasse.

I september stod undervisningsopplegget for 8. klassene for tur. Elevane fekk lære om arkitektur og sjå korleis Odda by vart lagt.

Den kulturelle spaserstokken

NVIM gjennomførte opplegg for Odda kommune som ein del av den Kulturelle spaserstokken.

Arrangement, konferanse og servering

Sommarsesongen starta i slutten av mai med eit fantastisk sommarver. Det var som bestilt til cruisebåten Saga Saphire som besøkte Odda og Tyssedal. Rundt 50 passasjerar vitja museet og fekk med

seg den årlege konserten som Hardanger Musikkfest arrangerer saman med NVIM i kraftstasjonen. Nordic Voices gav ein fullsett turbinhall ei nydeleg musikalsk oppleving. Dagen etter var det Rallarkonsert med Helge Jordal, Lars Klevstrand og Rannveig Djønne i fjellhallen/fordelingsbassene på Lilletopp. Eit nøgd publikum fekk oppleve ekstreme temperaturforskjellar på 26° ute og 12° inne i fjellet.

Saman med Hardanger Fartøyvernsenter deltek vi i prosjektet *Den Kulturelle Fjorden*. Veteranbåten MS Granvin tilbyr rundturar med kulturelle stoppestader i Hardangerfjorden. Pilotprosjektet hadde matservering om bord. NVIM var ein av stoppestadene då båten gjekk i Sørfjorden i august.

NVIM har som ein kjerneverdi å vera i dialog der folk er! Difor vart det bestemt at vi skal tilby historisk informasjon og omvisingar i Skjeggedal. Saman med Jostein Soldal og Opplev Odda sette vi opp ein liten turistinformasjon og klarte på den måten å nå mange besökande som kjem til Skjeggedal for å gå til Trolltunga.

Universitetet i Bergen arrangerte i slutten av august verdsarvkonferanse og fagkonferanse «Global Heritage – Local Context» med internasjonalt besøk i Statkraftstova og kraftstasjonen. 40 personer deltok.

Museet deltok på og var arena for Samtidsnettverket (museum tilskotsordning frå Kulturdepartementet) sin konferanse og møte i Odda og Tyssedal i september.

Telenor hadde sin årskonferanse og « verdssamling» i kraftstasjonen i slutten av september. 150 personer frå alle verdsdelar fekk oppleve museet, Lilletopp og Skjeggedal med storlaga middag i turbinhallen om kvelden. Tilbakemeldingane var overveldande.

Kulturminnedagen 2012 hadde som tema *Møteplassar* og museet markerte denne med opnvitensenter og informasjon på «Jondølene sin dag» i forkant av opninga av Jondalstunellen.

Under Litteratursymposiet i oktober var arbeidarbustadane i Folgefonnaarena for utstillingsprosjektet for samtidskunst, ODDS. NVIM gjennomførte rundturen «Smelteverket rundt på 80 minuttar» under symposiet. Stiftelsen Fritt Ord var på besøk med administrasjon og styre i november.

I 2012 deltok NVIM på oljemessa i Bergen med Der distribuerte vi brosjyrar og gav informasjon om museet og konferansesenteret.

På initiativ frå og i samarbeid med ei gruppe tidlegare idretts-utøvarar i Odda er arbeidet med eit idrettsmuseum no i gang. Første milepål er opning av ei utstilling i samband med 100-års jubileet til Odda kommune i 2013.

Av årlege arrangement kan vi nemne juleverkstaden museumslaget til NVIM tilbyr barn i Odda den første helga i desember. Eit arrangement som strålte i lag med veret og resulterte i besøksrekord. Feiring av Lucia-dagen i samarbeid med Odda Handelstandforening er og blitt ein tradisjon.

Nytt av året var peparkakebyen «*Nonstop Odda*» der NVIM stilte Buen i Folgefonna til disposisjon og hjelpte til med utstilling.

Julekonserten med Tyssedalkoret i ein fullsett kraftstasjon baud på flott musikk og song som alltid.

Museet er framleis attraktiv arena for ulike TV-selskap. 71° nord var her også i år og kombinasjonen historie og opplevelingar interesserer fleire. NRK var på tur med M/Y Tysso som blei vist i programmet *Ut i Naturen* og dei laga også eit innslag til programmet «Sommeråpent». TV2 var her og filma.

Den tyske TV-kanalen NDR var i Tyssedal ei heil veke og laga to flotte tv-reportasjar som vart sendt på tysk tv i beste sendetid i august. Avis-journalister fann og vegen til oss – mellom anna VG, Dagbladet og BT.

Den private TV-kanalen Brunstad-TV hadde innspeling på museums-området til eit ungdomsverdsmeisterskap i ekstrem-sport.

Vestnorsk Filmsenter arrangerte sitt store Vestlandstreff i Odda og Tyssedal i april. Dei avslutta besøket med ein storlagt bankett for 150 deltakarar i kraftstasjonen.

Statkraftstova konferansesenter er godt etablert og i ferd med å bli etterspurd. Statkraft kjem kvart år med sine ny-tilsette. Tilbakemeldingane er udele positive.

I september 2012 heldt Randi Bårtvedt foredrag for Sauda sogelag om industriminne og verdiskaping i Odda. Randi heldt også foredrag ved Samtidsnett sin konferanse i september og verdsarvkonferansen i Odda i august.

Odda Vitensenter

I samarbeid med Atle Moldestad og lærargruppe frå grunnskulen i Odda vart det i 2012 utvikla undervisningsopplegg for vitensenteret. Knut Nordal vart tilsett som formidlar/undervisningsleiar i august. Hausten 2012 er det arbeidd med å vidareutvikle utstillingane på vitensenteret, lage nye og spanande vitenshow, og undervisningsopplegga spesielt med fokus på vasskraft. Første tema for undervisning vert elektrisitet og magnetisme. Gjennomføringa startar i januar 2013.

Vitenparken opna i juli. Opparbeiding var eit svært vellukka samarbeidsprosjekt med Odda kommune og har bidratt til å skape eit attraktivt og aktivt leikemiljø for ungjar i Odda sentrum. Landskapsarkitekt Nina Fredriksen og konsulent Asle Moldestad var leigd inn til prosjektet. NVIM har fått gode tilbakemeldingar og parken ver mykje brukt. Like etter opninga hadde vi ei hending med hærverk i parken. Dette uroa oss fordi parken ligg utsett til, men i ettertid har det vore roleg. Vi vil i framtida styrke og vidareutvikle installasjonane og det er også plass til fleire aktivitetar i parken.

Odda Vitensenter har faste opningstider i skulane sin sommarferie. Utanom sesongen har vi vore opne ved spesielle høve, som til dømes Kulturminnedagen der Hardanger Veteranvognklubb deltok også i år, opninga av Jondalstunellen, litteratursymposiet og Luciadag. NVIM ønskjer å vidareutvikle samarbeidet med handelsstanden kring arrangement, felles annonsering og opningstider.

Odda vitensenter har også arrangert barnebursdag, eit konsept vi ønskjer å utvikle vidare. Vi ser og at vi i tillegg til å vera eit tilbod til skulane kan lage opplegg for barnehagar og vaksne grupper, som til dømes bedrifter og lag og organisasjonar.

5. Bygningar og anlegg

Tyssedal kraftanlegg

Det er gjennomført eit omfattande periodisk vedlikehaldsarbeid i 2012. NVIM mottekk årlege midlar til periodisk vedlikehald frå NVE. I kraftstasjonen er taket i sør (600 m^2) sparkla og måla på nytt, og prioriterte tiltak i nord- og midtfløyen er puss- og malingsarbeid, reparasjonar av veggdekor og innvendig tetting og maling av vinduer. I tillegg har det vore utført utvendig tetting av vinduer og tårn i nordenden av kraftstasjonen og taktekking spillverkshus og maling vindaugsrammer inntaksbygg på Lilletopp på A/S Tyssefaldene si rekning. Elles har bygg- og anleggsavdelinga ved NVIM utført faste drifts- og vedlikehaldsoppgåver etter eigen FDV-plan på det freda kraftanlegget med støtte frå Riksantikvaren.

I 2012 har det vore forhandlingar mellom TiZir (tidlegare TTI), A/S Tyssefaldene og NVIM om revidert fjernvarmeavtale. Med verknad frå og med 2012 skal NVIM betale inntil 50 % av områdepris el-kraft for varmeenergien. Dette utgjorde ein tilleggskostnad på kr. 220 000 i 2012. NVIM hadde hausten 2012 hatt ein revisjon og oppgradering av Tysso fjernvarmeanlegg, før drifts- og vedlikehaldsansvaret vart overført til A/S Tyssefaldene etter 31.12 2012.

Bygg 26

Våren 2012 vart det utført ein større flytteaksjon av gjenstandar og reolar og hyller frå Tyssedal til søndre del av bygg 026 på Smelteverkstomta. Før denne aksjonen vart det bygd 2.etasje i rommet for å auke lagerplassen vår med eit par hundre m^2 .

Rundt bygg 026 og fellestoalettet som NVIM disponerer vart det 2.halvår utført eit omfattande gravearbeid for å få på plass ein ny infrastruktur (nye VVS, elektro- og breibandtilkoblingar).

I 2012 løyvde Hordaland fylke kr. 100.000 til tetting av tak. Galvaniserte jernbeslag på taket er skifta, og fleire tiltak ifølge plan blir utført etter kvart som finansieringa er på plass.

Andre bygg og andre aktivitetar

Sommaren 2012 måla NVIM på oppdrag frå A/S Tyssefaldene porten og rekverket (200 meter) bort til kraftstasjonen.

Irene Lamo tok våren 2012 fagbrev i reinhaldsfaget.

NVIM har hatt fleire møte med styret i Odda Smedforening og har inngått ein samarbeidsavtale.

Torolv Mikkelsen har representert NVIM i styret for Sentralbadet Litteraturhus og styringsgruppa for Prosjekt Smedskule i Odda, medan Trond Seim har vore NVIM sin representant i styret for Restaureringsenteret i Odda AS (RiO AS).

6. Dokumentasjon og samlingar

Gjenstandslager i eige bygg

Leigeavtale på tidlegare gjenstandslager var oppsagt frå 1.5.2012. Lageret blei difor tømd i løpet av nokre hektiske, men godt førebudde veker i mars/april. Registrerte gjenstandar er no på plass i reolar i andre høgda. Uregistrerte gjenstandar står på grunnplanet, klare til registreringsarbeid når arbeidslokala er renovera. NVIM fekk i 2012 spørsmål frå Boliden AS om å ta vare på gjenstandar/museumssamling og utstilling som pr. i dag har dårlege lagringstilhøve ved verksemda.

Bevaringsvurdering (Revita) og flytting til fellesmagasin i Salhus

Bevaringsverdige klede vart prioritert i 2012, arbeidsklede, barneklede, gjenstandar av ull, kåper og frakkar. I alt 105 tekstilgjenstandar vart flytta til Bevaringstenestene på Salhus. Dette vart eit lærerikt og omfattande katalogiseringsarbeid med fleire arbeidsreiser til Salhus.

Fotoarkivet

Det er gjennomført store fotodokumentasjonsarbeid på smelteverkstomta i 2012; kalkomn/kokstørka, Lindehurstaket, riving av silo (bygg 114) og smia. I tillegg er lekkasjeskader i Tysso I dokumentert.

Sekretariatet for registrering av faste kulturminne i Noreg (SEFRÅK) er Riksantikvaren sitt nasjonale register for eldre kulturminne. Registeret vart oppretta i 1975, og i 2012 gjennomførte Harald Hognerud på oppdrag frå Odda kommune oppdatering av registeret for Odda kommune. Arbeidet gjekk ut på å ta detaljerte foto av endringar på bygg i Odda eldre enn 1940.

Vel 1000 kulturhistoriske foto er digitalisert og sikra. Det har ikkje blitt teksta foto i Primus, men ein god del opplysingar har blitt ført til i Primusbases. NVIM har begynt forarbeidet til å leggje foto ut på nett, men desse er førebels ikkje søkbare for publikum.

Smelteverksarkivet

Det er gjennomført betydeleg arbeid med smelteverksarkivet heile året. Arkiva frå hovudkontoret og laboratoriet er ferdig grovordna, og driftsbygningen er påbyrja. Grovordningsprosjektet held fram til mai i 2013.

Senter for industriarkiv - SINDARK

Bygg 004 - Trafostasjonen er valt som arkivlokale. Odda Energi AS eig bygget og Odda kommune har inngått leigeavtale for 30 år. Første byggemøte i prosjektet vart halde i oktober, og ombygginga starta 2. januar 2013. Siri Jordal følgjer prosjektet frå NVIM, og er med på alle synfaringar og byggemøte. Prosjektet skal etter planen vera ferdig til 1. september 2013. Då skal smelteverksarkivet flyttast dit. På sikt skal alle industriarkiv ved NVIM flyttast til SINDARK.

M/Y Tysso

Båten m/y Tysso var restaurert og seglingsklar til riksantikvar, departementsråd og fylkesmann og representantar frå fylkeskulturarvelingen sitt besøk i Hardanger i mai. Paul Wallevik vart leigd inn som skippar for sesongen. Magne Aasen frå NVIM var fast mannskap. NVIM deltok på trebåtfestivalen i Norheimsund i juni. M/y Tysso hadde båtplass i småbåthamna i Kinsarvik og det manglar kaiplass i Tyssedal. M/y Tysso gjekk mellom Odda og Tyssedal på open dag i juni og på Kulturminnedagen i september.

Søknadsarbeid

Det er lagt ned mykje arbeid i søknadar om midlar til drift og ulike tiltak som t.d. nytt biletspel, så langt utan resultat. Det blir arbeidd vidare med å oppnå auka i driftstilskota for å koma på nivå med andre museum ein kan samanlikna seg med nasjonalt og regionalt. Vasskraft- og vassdragshistorie er eit viktig samfunnsområde, men NVE si museumsordning har diverse opplevd nedgang i løyvingar til drift og prosjekt i 10 års-perioden ordninga har eksistert. Det blir arbeidd vidare med å få auka løyvingar.

Tyssedal, den 22. mars 2013



Til styret i
Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum som viser et underskudd på kr 1 199 664. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2012, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoer, og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

Styret og direktors ansvar for årsregnskapet

Styret og direktør er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og direktør finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av mistigheter eller feil.

Revisors oppgaver og plikter

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebefatter utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysingene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjenn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes mistigheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftelsens utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvisende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlingene som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Konklusjon

Etter vår mening er årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av den finansielle stillingen til stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum per 31. desember 2012 og av resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoer i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsberetningen

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet og forutsetningen om fortsatt drift er konsistente med årsregnskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtekten for øvrig.

Odda, 22. februar 2013

Odda Revisjon AS

Nils Magnus Berge
Statsautorisert revisor

Resultatregnskap**Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum**

	Note	2012	2011
DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Salgsinntekter		1 007 275	1 649 421
Billettinntekter		354 719	345 306
Tilskudd fra Odda Kommune		1 500 000	1 272 097
Tilskudd fra Stat og Fylke	2	6 735 560	7 333 000
Andre tilskudd	2	2 267 056	2 519 494
Årets inntektfering av periodiserte tilskudd		1 443 734	1 063 631
Andre driftsinntekter		136 600	242 100
Sum driftsinntekter		13 444 944	14 425 048
Varekostnad		105 038	303 431
Lønnskostnad	3, 14	8 676 156	8 552 763
Avskrivning varige driftsmidler	4, 11	141 276	129 118
Kostnader lokaler		1 129 153	1 180 256
Honorarer	3	1 007 198	759 395
Kontorkostnader		249 993	349 099
Reiser og kilometergodtgjørelse		282 984	243 458
Reklame, annonser og representasjon		330 964	247 631
Udstillinger og formidling		31 581	71 003
Serviceavtaler og forsikringer		196 969	147 481
Vedlikehold bygninger og utstyr		1 959 714	1 567 906
Andre driftskostnader		393 890	231 340
Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tysso"		125 490	23 935
Sum driftskostnader		14 630 406	13 806 816
Driftsresultat		-1 185 462	618 231
FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Annен renteinntekt		128 996	136 901
Annен finansinntekt		20 833	30 188
Annен rentekostnad		164 031	150 440
Netto finansresultat		-14 202	16 649
Ordinaert resultat		-1 199 664	634 881
ÅRSRESULTAT		-1 199 664	634 881
OVERFØRINGER			
Overført til/ fra vedlikeholdsford		-701 437	213 239
Overført til/ fra fond Vasskrafta.no		6 518	192 134
Overført til/ fra annen egenkapital		-504 745	229 508
Sum overføringer		-1 199 664	634 881

Balanse**Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum**

	Note	2012	2011
EIENDELER			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Bygninger og annen fast eiendom	4, 12	3 293 090	3 326 695
MY Tyssø	4	370 000	390 000
Driftslosere, inventar, kontormaskiner o.l.	4	292 316	427 989
Sum varige driftsmidler		3 955 406	4 144 684
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	5	49 270	49 270
Sum finansielle anleggsmidler		49 270	49 270
Sum anleggsmidler		4 004 676	4 193 954
Omløpsmidler			
Varer			
Varebeholdning	6	83 360	72 000
Sum varer		83 360	72 000
Fordringer			
Kundefordringer	7	247 867	370 831
Fording prosjektmidler	8	350 000	253 057
Andre fordringer		223 879	272 567
Sum fordringer		821 746	896 455
Bankinnskudd, kontanter o.l.	9	2 575 118	3 599 379
Sum omløpsmidler		3 480 224	4 567 834
SUM EIENDELER		7 484 899	8 761 787


Balanse**Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum**


	Note	2012	2011
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Stiftelseskapital	10	260 000	260 000
Sum innskutt egenkapital		260 000	260 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	10	195 452	700 196
Fond Vasskrafta.no	10	198 652	192 134
Vedlikeholdsford	10	693 564	1 394 001
Sum opptjent egenkapital		1 086 667	2 286 331
Sum egenkapital	10	1 346 667	2 546 331
Gjeld			
Avsetning for forpliktelser			
Periodisert tilskudd MY TYSSO	11	468 000	516 002
Sum avsetninger for forpliktelser		468 000	516 002
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kreditinstitusjoner	12	2 425 309	2 455 798
Sum annen langsiktig gjeld		2 425 309	2 455 798
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		826 401	295 957
Skyldige offentlige avgifter		458 079	516 999
Pålopt lønn, feriepenger osv.		831 180	821 739
Forskudd prosjekter	13	943 839	1 614 918
Annen kortsiktig gjeld		185 424	94 044
Sum kortsiktig gjeld		3 244 923	3 243 657
Sum gjeld		6 138 232	6 215 457
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		7 484 899	8 761 788


Tyssedal, 31.12.2012 / 22.02.2013



Styret for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum


 Toralv Mikkelsen
Styrelseiar




 Halvor Johan Bäckström
Styremedlem


 Olav Melboe
Styremedlem


 Einar Steensnæs
Nestleiar


 Trond Seim
Styremedlem

 Rolf Nesheim
Styremedlem


 Hans Henrik Haukaas
Styremedlem


 Siri Jordal
Styremedlem

 Randi Bårtvedt
Direktor

Norsk Vasskraft- og Industrihistoriemuseum Noter til regnskapet 2012

Note 1 Regnskapsprinsipper

Norsk Vasskraft- og Industrihistoriemuseum er en privat stifting uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapsskikk for små foretak.

Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er samanstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er forte på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsført løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

Offentlige tilskudd

Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringstilskudd er ført brutto i balansen. Det vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til.

Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omlopsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omlopsmidler. Ved klassifisering av kortiktig og langiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omlopsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbijærende. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives plummessig. Ved vurding av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

Bevaringsverdige eiendeler

Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balansesføres og avskrives lineært over driftsmidlene forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15.000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

Finansielle anleggsmidler

Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbijærende.

Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

Varelager

Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

Norsk Vasskraft- og Industridstmuseum
Noter til regnskapet 2012

Pensjonar

Pensjonsordninger finansiert via sikre ordninger er i tråd med god regnskapsskikk for små foretak ikke balansefort. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

Skatter

Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i 2012

Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

	2012	2011
Tilskudd fra Kulturdep. og Riksantikvaren	5 550 560	5 686 000
Tilskudd fra Fylkeskommunen	1 185 000	1 647 000
Tilskudd fra NVE	1 697 000	1 697 000
Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statkraft	641 113	632 813
Tilskudd fra andre	-71 057	189 681
Sum inntekter tilskudd	9 002 616	9 852 494

Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

	2012	2011
Netto lønnskostnadar	6 679 453	6 735 832
Styrehonorar	28 500	30 000
Arbeidsgiveravgift	852 205	846 019
Pensjonskostnader	1 005 068	837 137
Andre personalkostnadar	110 930	103 775
Sum personalkostnadar	8 676 156	8 552 763

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	16,6	18,5
---	------	------

Museet er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

Ytelser til ledende personer	Lønn	Pensjons- kostnader	Annen godtgjørelse
Direktor	655 672	136 245	6 975
Styre	0	0	0

Det er ikke ytt lån eller stilt sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet.

Revisor

Godtgjørelse til revisjon utgjor i 2012 kr 46.000 eks.fordelt mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjor kr 30.000 eks. fordelt mva.

**Norsk Vasskraft- og Industribyggmuseum
Noter til regnskapet 2012**

Note 4 Varige driftsmidler

	Bygninger og annen enlendom	M/Y Tyssø	Driftslosøre, inventar og lignende.	Sum
Anskaffelseskost 01.01	3 360 298	400 000	1 361 424	5 121 722
Tilgang kjøpte driftsmidler	0	0	0	0
- Avgang	0	0	0	0
- Mottatt offentlig investeringstilskudd	0			0
Anskaffelseskost 31.12	3 360 298	400 000	1 361 424	5 121 722
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	-33 605	-10 000	-933 436	-977 041
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-67 208	-30 000	-1 069 109	-1 166 316
Bokført verdi	3 293 090	370 000	292 316	3 955 406
Årets avskrivninger	33 603	20 000	135 673	
Tilbakeført periodisert investeringstilskudd		-20 000	-28 000	
Årets netto bokførte avskrivninger	33 603	0	107 673	141 276
Avskrivningssats	1 %	5 %	15% - 33,3%	
Avskrivningsplan		lineær	lineær	lineær

Note 5 Investeringer i aksjer og andeler

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

Selskap	Anskaffelses- kost	Bokført verdi	Eierandel
Reisemål Hordaland	2 000	2 000	< 10%
Fossenes Dal	2 500	2 500	< 10%
RIO AS	44 770	44 770	< 10%
Sum	49 270	49 270	

Note 6 Varelager

Varelageret består av bøker for videresalg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukarante varer er nedskrevet til virkelig verdi

Varer	2 012	2 011
Oppalt varebeholdning bøker og billetter	99 051	88 320
Ukarans	-15 691	-16 320
Sum	83 360	72 000

Note 7 Kundefordringer

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

Kundefordringer	2 012	2 011
Kundefordringer til pålydende	247 867	370 831
Avsetning til tap på usikre fordringer	0	0
Sum	247 867	370 831

Norsk Vasskraft- og Industridadmuseum
Noter til regnskapet 2012

Note 8 Fordring på prosjektmidler

Muséet fikk tilskudd om tilskudd oremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2012. Krav på restutbetalning av tilskudd er periodisert som tilskudd på de forskjellige prosjekter slik:

Prosjekt	BeloP	Tilskudd gitt av:
Bygg 26, Smio	100 000	Hordaland Fylkeskommune
Tilskudd til SINDARK	100 000	Hordaland Fylkeskommune
Dokumentasjon av kokstørke- og kalkovn	100 000	Riksantikvaren
Bokprosjekt karbidproduksjon	50 000	Odda Kommune
Sum tilskott	350 000	

Note 9 Bundne bankinnskudd

Avgang bankinnskudd utgjør bundne skattetrekksmidler kr 338 972.

Note 10 Egenkapital

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2012 og er uendret fra 2004.

	Stiftelses- kapital	Annen egenkapital	Fond Vasskrafta.no	Vedlikeholds- fond	Sum
Egenkapital 01.01	260 000	700 196	192 134	1 394 001	2 546 331
Årets endring i egenkapital:					
Overført fra vedlikeholdsford		701 437		-701 437	0
Overført til fond Vasskrafta.no		-6 518	6 518		0
Årets resultat		-1 199 664			-1 199 664
Egenkapital 31.12.	260 000	195 452	198 652	692 564	1 346 667

Note 11 Periodisering tilskudd*Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tysso:*

Muséet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tysso. Tilskuddet blir inntektsfort i takt med avskrivningene av MY Tysso som avskrives over 20 år. Det er i 2012 inntektsfort kr 20 000. Årets inntektsforting av tilskuddet blir tilbakefort mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2012 til kjøp av MY Tysso utgjør kr 370 000.

Periodisert tilskudd til oppgradering av teknisk utstyr Tysso I:

Muséet har mottatt kr 140 000 i offentlig tilskudd til oppgradering av teknisk utstyr i Tysso I. Tilskuddet blir inntektsfort i takt med avskrivningene av det tekniske utstyret som avskrives over 5 år. Det er i 2012 inntektsfort kr 28 000. Årets inntektsforting av tilskuddet blir tilbakefort mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2012 til oppgradering av teknisk utstyr Tysso I utgjør kr 98 000.

**Norsk Vasskraft- og Industribygningsmuseum
Noter til regnskapet 2012**

Note 12 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler:	2012	2011
Langsiktig gjeld til kreditinstitusjoner	2 425 309	2 455 798
Sum pantsikret gjeld	2 425 309	2 455 798

Bokfort verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokfort gjeld til kreditinstitusjoner	2011	2011
Bygninger, gnr 60 bnr 334	2 763 892	2 792 095
Totalt	2 763 892	2 792 095

Kr 2 218 099 av langsiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

Note 13 Forskudd prosjekter

Museet fikk utbetalet tilskudd omtrent det samme prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2012. I tillegg har museet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12.2012. Den ubenyttede delen av uthetingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

Forskudd tilskudd	2012	2011
Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12	670 839	999 906
Prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12	273 000	515 012
Sum	943 839	1 514 918

Note 14 Pensjonsordninger

Museet har inngått en pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er inleidt inn 16 aktive medlemmer og 3 pensjonister i ordningen pr 31.12.2012. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de unsatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredeelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsfritt. For 2012 utgjør denne kostnaden kr 1 005 068 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balansefort pensjonsforpliktelse på:

	31.12.2012	31.12.2011
Brutto pålept pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	11 643 711	10 934 159
Pensjonsmidler	8 503 074	7 176 088
Ikke resultatfort aktuariell gevinst/ tap	-333 423	-411 911
Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	3 474 060	3 346 160